

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 09.12.2020
FRÅ: Administrerende direktør Arve Varden
SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven
SAKA GJELD: **Status lærlingar**
ARKIVSAK: 2020/1097
STYRESAK: **075/2020**
STYREMØTE: **18.12.2020**

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Oppsummering

Styret får rapport om lærlingar i Helse Førde kvart halvår. Førre rapport var 19. juni.

Per november 2020 har føretaket 30 lærlingar innan seks fagområde. Føretaket tek imot helsefaglærlingar etter planen som vart lagt i 2018. Opptak av lærlingar er relativt stabilt, men fordi nokre avsluttar eller tek permisjon vil tal lærlingar likevel variere.

Fakta

Helse Førde har eigne lærlingar innan følgjande fagområde:

- Ambulanse
- Kokk
- Portør
- Helsefag
- Matforsyning
- Elev kontorlag (YSK-kandidat innan kontorlaget)

I tillegg tek føretaket imot lærlingar frå kommunane for praksis i føretaket. Dette gjeld mellom anna helsefaglærlingar frå kommunane.

Tal lærlingar i Helse Førde per november 2020:

TOTALOVERSIKT ANTAL LÆRLINGAR I HELSE FØRDE						
Årstal	Elev	1 årslærling	2 årslærling	Voksenlærling	Totalt antal lærlingar	
2018/2019		0	6	7	10	24
2019/2020		1	10	8	8	28
2020/2021		1	14	11	4	30

Forklaring til tabell:

- Lærlingane går frå haust til vår, difor delt i to årstal.
- Elev: YSK i kontorfag (4-årig løp)
- Vaksenlærlingar: Dette er helsefagarbeidar og sjukepleiarar som tek fagbrev, og får autorisasjon i ambulansefaget, i tillegg til grunnutdanning.

Oversyn over lærlingar og avlagde fagprøver i Helse Førde 2018 - 2020

Tabellen under syner status no og utviklinga frå 2018.

Fag	Årstall	Elev	1 årslærling	2 årslærling	Voksen	Kompetansebevis	Antall oppmeldt til fagprøve
Ambulanse	2018/2019		5	7	10		2018; 19
	2019/2020		6	6	8		2019; 16
	2020/2021		6	6	4		2020; 10
Kokk	2018/2019		1	0		1	2018; 1
	2019/2020		0	1		1	2019; 0
	2020/2021		1	0			2020; 1
Portør	2018/2019		0	0			2018; 0
	2019/2020		1	0			2019; 0
	2020/2021		1	1			2020; 1
Helsefag	2018/2019		0	0			2018; 0
	2019/2020		4	0			2019; 0
	2020/2021		6	4			2020; 0
YSK kontorfag	2019/2020	1					2019; 0
	2020/2021	1					2020; 0

*Lærlingår = august til august. Årstall er difor skildra slik 2019/2020

Status for det siste halvåret:

- **Ambulanse:** Det er tolv ambulanselærlingar, seks første- og seks andreårs. I tillegg er det fire fire vaksenlærlingar (talet går ned på grunn av at dei fleste har fått kompetansen, dette har vore ein langsiktig strategi). Talet på ambulanselærlingar er jamt, med inntak av seks ordinære lærlingar kvart år, tolv lærlingar til kvar tid.
- **Kokk:** Ein kokkelærling har avlagt fagprøve i haust. Det er planlagt ny lærling frå januar 2021
- **Portør:** Ein andreårs-lærling har nyleg avslutta, og ny lærling skal tilsetjast.
- **Helsefag:** Det er ti lærlingar fordelt på første og andre lærlingear, fordelt på seks førsteårs- og tre andre-årslærlingar, samt ein i permisjon. Helse Førde byrja hausten 2019 å ta imot egne helsefaglærlingar. Vi har følgd planen med seks lærlingar første år og opptrapping med seks nye (tolv totalt) frå hausten 2020. To har valt å slutte. Det er planlagt tre fagprøver våren 2021 (den fjerde har permisjon).
- **Matforsyning:** Ein lærling avla fagprøve i november, og ein planlegg å ta inn ny lærling i januar 2021.

- **Elev kontorlag:** Ein YSK-kandidat innan kontorlaget. Dette er eit fireårig løp der kandidaten oppnår både fagkompetanse/fagbrev og studiespesialisering. Dei to første åra er kandidaten på jobb ein og to dagar og har status som elev.

Kommentarar

Det er jamt opptak av seks lærlingar årleg i ambulanselag og helsefag, ein på portør og null/ein på kokk. Det er variasjon i tala pga. permisjonar eller avslutting av utdanningsløpet, og tal lærlingar speglar sjølvstalt tal fagprøver. Eit døme er 17 lærlingar i eitt av faga, der det vart avlagt 19 fagprøver av di to måtte ta fagprøva på nytt.